

Kinn kommune  
Postboks 294  
6701 Måløy

# TILSYNSRAPPORT

## Tema:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø:

Plikta til å undersøke

Plikta til å sette inn tiltak

Kinn kommune – Eikefjord barne- og ungdomsskule

**Sak: 2020/2079**

## **Samandrag**

Vi fører tilsyn med Kinn kommune.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.

Vi har avgrensa tilsynet til å gjelde bestemte delar av skulens aktivitetsplikt. I tilsynet kontrollerer vi plikta til å undersøkje saker, plikta til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø og plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9.

Dei mest sentrale funna frå tilsynet er:

- Vi finn at rektor ikkje har sikra at skulen undersøker saker tilstrekkeleg grundig når dei har mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor sikrar heller ikkje at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen sett inn eigna tiltak om ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
- Skulens aktivitetsplanar er ikkje i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd.
- Vi finn at rektor ikkje følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og eleven sitt syn.

## **Vegen vidare**

Kinn kommune fekk tilsendt ein førebels tilsynsrapport 16. april 2020.

Kommunen fekk utvida frist til 15. mai 2020 for å uttale seg om denne rapporten og vi mottok kommunes skriftlege tilbakemelding innan fristen.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 15. september 2020. Før fristen må Kinn kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

## Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.....	6
2.1	Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak.....	6
2.1.1	Rettslege krav.....	6
2.1.2	Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	7
2.2	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak.....	18
2.2.1	Rettslege krav.....	18
2.2.2	Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	19
3	Våre reaksjonar.....	25
3.1	Oppfølging av pålegga.....	26
4	De har rett til å klage.....	26
	Vedlegg.....	27

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen

Eikefjord barne- og ungdomsskule ligg i Kinn kommune, og har ifølgje Grunnskulens Informasjonssystem (GSI) 154 elever skuleåret 2019-2020.

Vi valde å opne tilsyn med skulens aktivitetsplikt på bakgrunn av ei risikovurdering. I denne kom det fram at tal frå Elevundersøkinga viser skulen over tid har noko lågare tal enn nasjonalt når det gjeld kategoriane meistring, trivsel og motivasjon på 10. årssteg<sup>1</sup>.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Kinn kommune i brev av 30. januar 2020. Kommunen vart pålagd å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Kommunen hadde frist til 24. februar 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex<sup>2</sup> frå skuleleiinga og lærarar. Fristen vart forlenga til 9. mars 2020.

Vi bad om å få tilsendt fem til ti aktivitetsplanar etter opplæringslova § 9 A-4 frå Eikefjord barne- og ungdomsskule.

Vi mottok eigenvurdering og tilhøyrande dokumentasjon innan fristen.

---

<sup>1</sup> Gjeld tal frå Elevundersøkinga til og med skuleåret 2018-2019.

<sup>2</sup> RefLex –nettbasert eigenvurderingsverktøy utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.  
<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>

Hovudtemaet for dette tilsynet, *skulemiljø*, er ein del av felles nasjonalt tilsyn frå 2018. Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, er delt i tre område:

1. Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.
2. Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involver elevar og foreldre.
3. Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område.

Fylkesmannen fører tilsyn med del 1. Temaet inneheld tre deltema:

1. Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Plikta til å straks å varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Vi har undersøkt nokre forhold under deltema 1 og 3.

Forhold vi har undersøkt under deltema 1: Om skulen alltid undersøker saka ved mistanke eller kjennskap, om skulen alltid får fram fakta om situasjonen, om skulen undersøker bakgrunn og forhold som påverkar elevens oppleving, om involverte elevar vert høyrde i samband med skulens undersøking, om skulen alltid undersøker saka snarast og om skulen dokumenterer si undersøking.

Forhold vi har undersøkt under deltema 3: Om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan der det går fram problem tiltaka skal løyse, planlagde tiltak, når tiltaka skal gjennomførast, kven er ansvarleg og tidspunkt for evaluering av tiltaka.

Grunnen til at vi har vald å føre tilsyn med desse to delpliktene er knytt til dei erfaringane vi har gjort oss som handhevingsmynde for skulemiljøsaker. I fleirtalet av sakene der vi har gjort vedtak om brot på aktivitetsplikta, har det vore brot på desse delpliktene. Skal skulane klare å setje inn dei tiltaka som gjer at skulemiljøet for den det gjeld blir betre, er skulen heilt avhengig av å undersøkje saka tilstrekkeleg, slik at det er ein klår og tydeleg samanheng mellom situasjonen til eleven og dei tiltaka skulen set inn.

Kinn kommune fekk tilsendt ein førebels tilsynsrapport 16. april 2020.

Kommunen fekk utvida frist til 15. mai 2020 for å uttale seg om denne rapporten og vi mottok kommunes skriftlege tilbakemelding innan fristen.

Vi har vurdert merknadane og dokumentasjonen frå kommune. Der desse har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i endeleg tilsynsrapport.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

## **2 Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

### **2.1 Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak**

#### **2.1.1 Rettslege krav**

Alle elvar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

#### **Plikta til å undersøkje alle saker**

Plikta til å undersøke alle saker følgjer av opplæringslova § 9 A-4, sjette ledd. Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

#### **Plikta til å undersøkje saka straks**

De må undersøkje kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøkje korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgjer av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn. Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å

uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

### **Plikta til å setje inn eigna tiltak**

Plikta til å setje inn eigna tiltak følgjer av opplæringslova § 9 A-4, sjette ledd. Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt. De skal lage ein skriftleg plan når de skal sette inn tiltak i ei sak.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

På [www.reflex.udir.no](http://www.reflex.udir.no) finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

## **2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **Plikta til å undersøke:**

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø?

#### *Vår observasjon*

Det går fram av Eikefjord barne- og ungdomskule sin psykososiale plan for skuleåret 2019-2020 at alle som arbeider på skulen skal varsle rektor, dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og god skulemiljø.

Skuleleiinga viser til at skulen har ein mal for aktivitetsplan der det skal førast inn innmeldt problemstilling og settast opp ein undersøkingslogg. Malen er oppdatert per mars 2020. Rektor skriv i eigenvurderinga at undersøkinga alltid startar opp med ein gjennomgang av kjennskap til fakta i saka. Problemet blir så formulert og plan for vidare oppfølging blir avtala. Dette blir ført inn i undersøkingsloggen, skriv rektor.

På spørsmål om dei alltid undersøker saka når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både skuleleiinga og lærarane ved skulen ja. Dei tilsette skriv at dei skal varsle rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor og den som varslar blir så samde om korleis dei skal undersøke saka vidare, skriv dei.

Skulen har sendt inn eit oversyn over saker som er varsla til rektor skuleåret 2019-2020. Det går fram kven som er ansvarleg for å undersøke saka.

På spørsmål om undersøkingane alltid får fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, svarar skuleleiinga og lærarane ved skulen ja.

Skulen sin plan for psykososialt arbeid *Vi gjer kvarandre gode* skildrar kva som er faste tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka som er sett opp er elev-, foreldre- og utviklingssamtalar, generell kvardagsobservasjon av barn i leik og frie aktivitetar, kartlegging av sosiale relasjonar i alle klassar, jf. årshjul og den årlege Elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet.

Skuleleiinga skriv at tidleg i ei undersøking nyttar tilsett samtaleskjema *Skulemiljø - elevsamtale*, for å avdekke eleven sin trivsel, samt for å sjekke ut kva eleven ønskjer skulen skal gjere. Skulen brukar tid til å skaffe seg nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplev at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skriv dei. Skulen nyttar verktøyet IVAS<sup>3</sup> i enkelte undersøkingar. Andre tiltak eller aktivitetar i undersøkinga er observasjonar i til dømes klasserom, garderobe eller friminutta. Lærarane viser til at klassetrivselsundersøking kan vere eit nyttig verktøy for å få ei sak godt nok belyst.

Ein gjennomgang av aktivitetsplanane som er sendt inn viser at skulen ofte gjennomfører samtalar med elevar for å få elevar til å skildre eigen og andre elevars åtferd. Skulen snakkar ofte med elevar om konkrete hendingar og lagar referat. Så lagar skulen ein aktivitetsplan, der dei set opp vidare samtalar på same måte som tiltak i planen.

På spørsmål om involverte elevar alltid vert høyrd når dei undersøker saker, svarar både rektor, inspektør og lærarar ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja. Rektor skriv at alle involverte elevar blir alltid høyrd når ei sak blir undersøkt. Rektor skriv vidare at «spørsmåla i samtalen er opne for å få det mest moglege, for eleven, sanne svaret. T.d. Kan du fortelje meg kva som hende i siste friminuttet i går? (...) Spørsmåla blir tilpassa eleven og modningsnivå. Samtalen blir ufarleggjort ved å nemne at ingen vil bli sinte, og ingen skal få kjeft. Vi trenger berre å vite kva som har hendt slik at vi kan hjelpe til å orden opp.»

På spørsmål om dei dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø svarar både lærarar ved skulen og rektor ja. Rektor skriv at dei

---

<sup>3</sup> Informasjonsverktøy tilpassa personar med Aspergers syndrom.



alltid opprettar ein aktivetsplan når ein tilsett har mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulen har sendt inn døme på aktivetsplanar der det under overskrifta *Undersøking* i første rekke er ført inn datoar for samtalar med aktuell elev, føresett eller andre elevar. Det går òg fram at skulen skal gjennomføre klassesetrvselsundersøking, analyse av ei slik undersøking eller observasjon av ein elev og loggføre eventuelle hendingar. I oppdatert mal per mars 2020 står i tillegg at notat/referat skal skrivast og at det skal førast inn når tiltaket er gjennomført.

Skulen har sendt inn referat frå samtalar med elevar og logg der ein elev er observert over ein periode på fire månader.

#### *Vår vurdering*

Skulen skal undersøke saka etter at dei har fått mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må sikre at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med skulens framgangsmåte i praksis.

Det går fram av eigenvurderingane og skulens plan for psykososialt arbeid at skulens framgangsmåte for å sikre at det vert undersøkt i alle saker, er at kontaktlærar varslar rektor. Så vert dei samde om korleis ei skal undersøke saka vidare. Vidare er skulens framgangsmåte at skulens undersøkingar skal førast inn i undersøkingsloggen i aktivetsplanmalen.

Rektor følgjer opp at tilsette kjenner til skulens framgangsmåte for skulens skulemiljøarbeid gjennom møtearenaene *lagmøte* og *mentormøte*. Vidare peikar skuleleiinga på at det er ein liten skule og at rektor er tett på arbeidet i skulemiljø saker.

Ei av lærargruppene skriv i eigenvurderinga at «dei som er ansvarlege informerer rektor om framdrifta i dette arbeidet. På denne måten følgjer rektor opp at skulen undersøker alle saker i tråd med det som er avtalt».

Ettersom skulen har ein framgangsmåte for undersøking etter varsel, der rektor følgjer opp at det vert starta undersøkingar, finn vi at rektor har sikra at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker.

Rektor må syte for at skulens framgangsmåte sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med denne framgangsmåten i praksis.

Rektor skriv i eigenvurderinga at skulen har ein etablert framgangsmåte for undersøking. Rektor viser til at skulen ved mistanke om at ein eller fleire elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, vil justere sin måte å arbeide med tiltak i den psykososiale planen. I den forbindelse viser rektor til dokumentet *Vi gjer kvarandre gode*. Av dokumentet går det fram at skulen har rutinar for observasjon, samtalar og undersøking for å avdekke om ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Desse tiltaka forstår vi først og fremst som skulens framgangsmåte for å få fram informasjon når dei undersøker korleis elevane *generelt* opplever skulemiljøet, og ikkje som ein framgangsmåte i ei konkret sak.

Vi kan ikkje sjå at rektor har skriftleggjort ei rutine for korleis saker som omhandlar skulemiljø skal undersøkast. Likevel går det fram av eigenvurderinga at rektor avtalar med dei tilsette korleis sakene skal undersøkast, slik at rektor på denne måten har moglegheit til å sikre tilstrekkeleg grundig undersøking.

Om skulens framgangsmåte skriv skuleleiinga at tidleg i ei undersøking nyttar tilsette samtalskjema *Skulemiljø - elevsamtale*, for å avdekke eleven sin trivsel, samt for å sjekke ut kva eleven ønskjer skulen skal gjere. Vi har tidlegare vist til at skulen ofte gjennomfører samtalar med elevar for å få elevar til å skildre eigen og andre elevars åtferd. På bakgrunn av desse samtalanene og eventuelle andre kjelder lagar skulen ein aktivitetsplan med tiltak. Skulens samtalskjema vil vere eigna til å få fram elevens subjektive oppleving av skulemiljøet sitt. Slike samtalar vil derimot ikkje alltid vere tilstrekkelege til å klarlegge fakta om situasjonen og få fram faktorar i skule- og klasse miljøet som bidrar til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt.

I nokre av dei innsendte aktivitetsplanane har skulen undersøkt ved å gjennomføre ei klassetrivselsundersøking. Ei slik undersøking vil kunne bidra til å få fram faktorar i skulemiljøet som bidrar til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt.

I ein aktivitetsplan går det fram at skulen har iverksett observasjon som ein undersøkingsmetode. Systematisk observasjon kan vere eigna til å undersøke bakgrunnen for kvifor eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Likevel går det ikkje fram av planen når observasjonen skal gjennomførast, kor eleven skal observerast eller kva ein skal sjå etter ved observasjon. Dette gjer til at det vert vanskeleg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekka.

I fleire av aktivitetsplanane er tiltaka generelt utforma, og det vert ofte uklårt kva problem tiltaka skal løyse. Dette kan tyde på at undersøkingane ikkje har vore grundige nok, eller at analysen av kva som vart avdekka gjennom undersøkingane, ikkje har vore god nok. Det er vidare vanskeleg å skilje mellom tiltak som er iverksett på bakgrunn av undersøkingar, og om nokre av tiltaka i realiteten er undersøkingar som skal ligge til grunn for seinare tiltak.

Gode undersøkingar og analyser av funn er ein føresetnad for å vurdere kva som er eigna tiltak i ei sak, og skal utgjere grunnlaget for ein aktivitetsplan. Mange saker gjeld elevar som er særskilt sårbare, og det er då særleg viktig at det blir sett inn tiltak som er forankra i grundige undersøkingar. Ein del av undersøkningsplikta inneber òg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekka.

Vi ser at skulen til dels nyttar ulike metodar for å undersøke ei sak. Vi ser også av skulens aktivitetsplanar og referat frå samtalar at skulen får fram elevens subjektive oppleving. Likevel får ikkje skulen gjennom sine undersøkingar alltid fram bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Vidare viser aktivitetsplanane at skulen ikkje undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at rektor har sytt for at skulens framgangsmåte sikrar at det vert undersøkt tilstrekkeleg grundig i alle saker.

Skulens framgangsmåte må sikre at elevar som er involvert i saka, får uttale seg. Dette inneber at elevane skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om dei vil uttale seg. Skulen skal

leggje til rette for og ufarleggjere samtalen, og sørgje for at han er tilpassa elevane sitt mognadsnivå.

I dei fleste innleverte sakene går det fram at skulen har gjennomført samtale med den eller dei involverte elevane. I nokre planer er samtale sett opp som tiltak, noko som gjer det uklart om samtalanene er gjennomført som undersøkingar i saka.

I samtalskjemaet skulen har laga, legg dei innleiande vekt på elevens medverknad, og vi forstår det slik at skjemaet skal sikre at elevar blir sett i stand til å uttale seg innanfor forsvarlege rammer.

Ettersom skulen har dokumentert korleis dei tilpassar og gjennomfører samtalar med eleven, og at dei høyrar involverte elevar, finn vi at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at elever som er involvert i saka får uttale seg.

Skulen må dokumentere kva dei gjer for å undersøke saker, i kvar enkelt sak. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis de skal oppfylle aktivitetsplikta.

Både leiinga og lærarane viser til at dei skal skrive inn i aktivitetsplanen både kva undersøkingar dei planlegg, dato og kven som er ansvarleg for gjennomføring. For å sikre enda betre dokumentasjon har skulen per mars 2020 presisert i malen at det skal skrivast notat eller referat frå gjennomførte undersøkingar.

Vi ser av innsendt dokumentasjon at skulen nyttar aktivitetsplanmalen for å notere ned dato for samtalar med aktuelle elevar, eller anna form for undersøking. Det går ikkje fram av undersøkingsloggen kva undersøkingane viser. Vi har òg fått tilsendt døme på referat frå elevsamtalar og observasjonslogg. Observasjonsloggen er langt på veg ei loggføring av ein elevs åtferd i ulike situasjonar over ein periode på fire månader. Av skulens dokumentasjon kan vi sjå at det i visse tilfelle har vore dokumentert korleis skulen har undersøkt ved mistanke. Dette gjeld i hovudsak referat frå samtale. Det kan sjå ut som at skulens praksis er å dokumentere kva som skal gjerast for å undersøke, men sjølve undersøkingane og kva dei viser i sum er ikkje dokumentert.

Ettersom det enda ikkje eksisterer ein innarbeidd framgangsmåte for å dokumentere kva som vert gjort for å undersøke saker, og at det ikkje går fram av den innsendte dokumentasjonen kva undersøkingane samla sett viser, finn vi at skulen ikkje dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig, og at skulen ikkje dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saken snarast?

### *Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid undersøker saka snarast, svarar både rektor og lærarar ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja. Rektor skriv at skulen sin aktivitetsplanmal er viktig i skulens framgangsmåte for å sikre at saka blir undersøkt snarast. Dato for kjennskap til saka og dato for tiltak/aktivitet skal skrivast inn her. Saka si kompleksitet avgjer korleis ein går fram i saka, ifølgje rektor. Rektor vektlegg at det er låg terskel for kva som skal sjåast på som «mistanke» og rektor si haldning blir repetert i ulike fora, «får vi kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, slepp vi taket i det vi hald på med og iverksett undersøking». Rektor og inspektør skriv i eigenvurderinga at rektor følgjer opp at framgangsmåten blir følgt. Det går ikkje fram av eigenvurderinga korleis rektor følgjer opp.

Lærarane skriv i eigenvurderinga at ein må ta raskt tak i saker som gjeld skulemiljøet. Ei lærargruppe forklarar at dei gjennomfører ein samtale med eleven så snart ein har kjennskap til at eleven ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø. Ei anna lærargruppe viser til at dei innan ei veke skal iverksette aktivitetsplanen.

I skulens handlingsplan for psykososialt arbeid står det på side 6 mellom anna at eit kriterium for å sikre trygge og ansvarlege tilsette når det gjeld aktivitetsplikta, er at alle tilsette kjenner og nyttar aktivitetsplikta. Vidare skal alle tilsette kjenne til skulens rutinar for vidare oppfølging. Det går ikkje klart fram kva interne rutinar dokumentet viser til.

På spørsmål om dei dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både rektor og lærarar ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja.

Ein gjennomgang av skulens aktivitetsplanar viser dato for når skulen har fått kjennskap til forholda og at skulen har sett i gang undersøking innan kort tid.

### *Vår vurdering*

Skulen må ha ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker saka snarast mogleg. Rektor må følgje opp at skulen gjer dette i praksis. Skulen må dokumentere kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Vi kan ikkje sjå at skulen har skrifteleggjort ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker snarast mogleg. Rektor skriv at saka si kompleksitet avgjer kor raskt ein skal gå fram i ei sak. Lærarane skriv at ein raskt må ta tak i saker som gjeld skulemiljøet. Nokon av lærarane skriv at dei gjennomfører samtale med eleven så snart ein har kjennskap til at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, medan andre skriv at det innan ei uke skal setjast i verk ein aktivitetsplan.

I eigenvurderinga viser skuleleiinga og inspektøren til to aktivitetsplanar på spørsmålet om skulen undersøker saka snarast råd. Av den eine planen går det fram at ein av lærarane har lagt merke til ein elev eit heilt år, og at denne læraren har hatt samtale med kontaktlærar om dette gjennom året. Likevel vart det ikkje starta undersøkingar før i juni. Dette kan trekke i retning av at skulen ikkje undersøker saker snarast råd.

Ut frå eigenvurderingane, kan det sjå ut til at det er litt uklart kva framgangsmåte skulen har for å sikre at dei undersøker saker snarast råd, og den eine aktivitetsplanen kan vitne om at det ikkje vart undersøkt snarast mogleg. Mangelen på skriftleggjing av rutinar kan gjere det vanskeleg for alle tilsette å kjenne til skulens framgangsmåte. Likevel ser vi at rektor skal bli varsla i saker som omhandlar skulemiljø, og at rektor og læraren saman finn ut korleis saka skal undersøkast. Ein gjennomgang av skulens aktivitetsplanar viser at også skulen har sett i gang undersøkingar innan kort tid etter at skulen fekk kjennskap til forholda. Det vert ført dato for når saka vert varsla, og når undersøkingane starta. På bakgrunn av dette finn vi at krava i regelverket er oppfylt.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at elevane som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

*Vår observasjon*

Rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule svarar ja på spørsmål om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Rektor skriv at eleven alltid får uttale seg om saker som gjeld dei sjølve. Dette kan skje ved at eleven får spørsmål om kva eleven ønskjer skolen skal gjere, ved at eleven sjølv uoppfordra fortel kva den ønskjer, eller at tilsette legg fram alternative tiltak, skriv rektor.

I skulens handlingsplan for psykososialt arbeid står det på side 16 at «Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.»

Skulen har utarbeidd eit samtaleskjema *Skulemiljø - elevsamtale*. Når eleven sjølv ikkje kan sei kva som er rette tiltak for den nyttar tilsette dette skjemaet ifølgje rektor.

I skulens oppdaterte mal for aktivitetsplan per mars 2020 er det laga plass for at elev, mor, far, kontaktlærer og skuleleiing skal signere på oppretta og avslutta aktivitetsplan.

Vi ser av skulens innsendte aktivitetsplanar at i nokre tilfelle er høyring av eleven eit tiltak i undersøkingsfasen. I nokre tilfelle går det ikkje fram om eleven er høyrte i saka. I dei fem innsendte aktivitetsplanane finn vi:

Aktivitetsplan 1: den aktuelle eleven har signert, elevinvolvering er sett opp som tiltak i undersøkingsfasen.

Aktivitetsplan 2: den aktuelle eleven har ikkje signert. Det er sett opp samtalar med aktuell elev og andre, der skulen avtalar fleire tiltak med andre elevar i undersøkingsfasen. Eit av tiltaka i aktivitetsplanen er samtale med aktuell elev og foreldre. Føremålet med dette tiltaket er gjennomgang av aktivitetsplanen og tiltaka, og å skape ei felles forståing av den.

Aktivitetsplan 3 og 4: den aktuelle eleven har ikkje signert. Det går ikkje fram at eleven som saka gjeld har fått uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Aktivitetsplan 5: elev har ikkje signert. Det går fram at føresett og elev ikkje har kommentarar til endeleg aktivitetsplan. Det er sett opp tiltak for andre elevar i same plan. Skulen snakka med elevane i undersøkingsfasen, men det går ikkje fram om desse elevane fekk uttale seg om innhaldet i tiltaka aktivitetsplanen. Informasjon til dei aktuelle føresette er òg sett opp som tiltak i aktivitetsplanen.

#### *Vår vurdering*

Rektor skal syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei legg til rette for at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Om eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også desse elevane ein rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, legg til rette for at eleven får høve til å uttale seg i praksis.

I skulens handlingsplan for psykososialt arbeid står det under punktet *observasjon, samtalar og undersøking* at skulen skal syte for at involverte elevar blir høyrde.

I skulens samtaleskjema er det sett opp spørsmål knytt til trivsel generelt på skulen og i klasserom, friminutt, skuleveg og så bortetter. Den som gjennomfører samtalen kan notere ned elevens framlegg til tiltak på dette skjemaet. Vi ser at skjemaet har som føremål å sikre at eleven får uttale seg om trivsel i skulekvardagen og kva eleven tenkjer skulen bør undersøke nærare eller gjere for at trivselen skal vere bra på skulen. Vi har tidlegare vist til at i samtaleskjemaet for elevsamtalen legg dei innleiane vekt på elevens medverknad og vi forstår det slik at skjemaet skal sikre at elevar blir sett i stand til å uttale seg innanfor forsvarlege rammer. I følgje rektor skal skulen nytte dette skjemaet for å strukturere ein elevsamtale der eleven sjølv kan seie kva som er dei rette tiltaka.

Ein gjennomgang av dei innsendte aktivitetsplanane viser at skulen ofte samtalar med elevar for å få fram fakta om ein situasjon, men at elevane i varierende grad får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Skulen har i samtaleskjemaet lagt opp til at eleven skal få kunne føreslå eigne tiltak. Likevel ser vi i aktivitetsplanane at ikkje alle elevar som tiltak rettar seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i planen.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### **Plikta til å sette inn tiltak**

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

#### *Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid sett inn tiltak der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja. Rektor skriv at «Ja, tiltak blir sett inn snarast/innan rimeleg tid, når tilsette får mistanke om eller kjennskap til at elevar ikkje

har eit trygt og godt skolemiljø». Rektor viser til at aktivitetsplan alltid skal opprettast ved mistanke eller kjennskap til at ein elev har eit utrykt skulemiljø. Grøn del av aktivitetsplanen skal takast i bruk når undersøkingane er avslutta og endelege tiltak er bestemt. Avtala tiltak som blir sett inn i tida det tek å undersøke saka vil anten halde fram, bli justert eller fjerna, skriv rektor.

I skulens handlingsplan for arbeidet med psykososialt skulemiljø står det under overskrifta oppfølging at «Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.»

Skulen har sendt inn eit oversyn over tal aktivitetsplanar for skuleåret 2019-2020. Der går det fram at skulen har fire aktivitetsplanar. Skulen har òg sendt inn ein femte aktivitetsplan. Ein gjennomgang av innsendte aktivitetsplanar viser at skulen har sett inn tiltak i dei aktuelle sakene.

På spørsmål om tiltaka er tilpassa saka i type og omfang, basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste, svarar både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja. Rektor skriv at «Gjennom dokumentasjon kan vi vise til at samtalar med elevane er basert på å få fram eleven sitt heilheitelege behov og kva som er det beste for eleven». Praksis ved skulen er at grøn del av aktivitetsplanen blir fylt ut, etter at saka er undersøkt. «I skolen sin praksis samarbeida vi også med andre aktuelle tenester for å sikre at tiltaka er i tråd med eleven sitt heilskaplege behov og er til det beste for eleven», skriv rektor.

Det går av Eikefjord barne- og ungdomsskule sin psykososiale plan for skuleåret 2019-2020 at alle som arbeidet på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og god skulemiljø. Vi har tidlegare vist til at rektor og den som varslar så blir samde om korleis dei skal undersøke saka vidare. Undersøkingane og påfølgjande tiltak skal skrivast inn i malen for aktivitetsplan. I oppdatert mal går det fram at elev og føresett skal skrive under på at planen er oppretta og avslutta. Dette forstår vi som skulens framgangsmåte for å sette inn tiltak i ei sak.

#### *Vår vurdering*

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker, og rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Rektor har laga ei framgangsmåte for handsaming av meldingar om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor og den tilsette som varslar vert samde om den vidare framgangsmåten etter at saka er blitt varsla. Rektor syter for at framgangsmåten som er bestemt blir følgt mellom anna ved sjølv å vere engasjert i skulemiljø saker. Rektor kan enkelte gonger eige saka, og andre gonger har rektor ansvar for tiltak i undersøkingsfasen/aktivitetsplanen. Dette går fram av eigenvurderingane til skuleleiinga og ei lærargruppe ved skulen. Det går elles fram at rektor følgjer opp at tilsette kjenner til skulens framgangsmåte for skulens skulemiljøarbeid gjennom møtearenaene *lagmøte* og *mentormøte*.

Ettersom skulen har ein framgangsmåte for å sette inn tiltak i saker der ein etter undersøking har funnet at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og vi ser av dei innsendte aktivitetsplanane at skulen har sett inn tiltak i desse sakene, finn vi at rektor har gitt ein

framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker, og følgjer opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Skulens framgangsmåte må vidare sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og at tiltaka er basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Vi har tidlegare vist til at gode undersøkingar og analyser av funn er ein føresetnad for å vurdere kva som er eigna tiltak i ei sak, og skal utgjere grunnlaget for ein aktivitetsplan. Vi ser av skulens aktivitetsplanar og referat frå samtalar at skulen får fram elevens subjektive oppleving, men ikkje dei andre momenta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Når undersøkingane ikkje får fram desse momenta, vil det vere vanskeleg å utforme eigna tiltak.

Skulens framgangsmåte må sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang.

Tiltaka skal veljast ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. De må vere kunnskapsbaserte og byggje på tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. De må og sjå på kva som er årsaka til problemet. Ofte vil det vere behov for fleire eigna tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere tilstrekkelege til å løyse problemet.

Av dei innsendte aktivitetsplanane går det fram at alle aktivitetsplanane inkluderer samtale som eit tiltak. Fylkesmannen ser at slike samtalar kan vere effektive for å få fram korleis eleven eller andre opplever situasjonen over tid, i undersøkingsfasen. Dersom skulen vil gjennomføre samtalar som tiltak må det komme klart fram korleis dette skal bidra til å avhjelpe problemet eleven opplever, og sikre at eleven skal få et trygt og godt skulemiljø. I skulens innsendte aktivitetsplanar er det ikkje gitt nokon nærare skildring av kva desse samtalene skal dreie seg om, eller kva føremålet med samtalene skal vere. Utan ei skildring av kva samtalene skal omhandle og kva som er føremålet med samtalen, vil det vere vanskeleg å evaluere effekten av desse seinare.

I ein av dei innsendte aktivitetsplane går tiltaka ut på at enkeltelver på skulen skal endre sin åtferd. Skulen må gjerne oppfordre elever til å gjennomføre aktivitetar, men dette kan ikkje vere tiltak i ein aktivitetsplan. Ut over oppfordringane til endring av åtferd, har skulen utforma tiltak som gjeld samtale. Det er vanskeleg å sjå korleis samtale vil vere eigna til å avhjelpe problemet i saka.

Gjennomgåande er det fleire gonger vanskeleg å sjå korleis dei valte tiltaka skal avhjelpe problembeskrivinga. Dette kan skyldast at tiltaka er lite konkrete, eller at undersøkingane ikkje har vore grundige nok, slik at man ikkje har avdekka bakgrunnen for elevens subjektive oppleving. At det ikkje er klart korleis tiltaka skal avhjelpe problemet som er skildra i planen, trekk i retning av at tiltaka ikkje er eigna.

Vi finn at skulen i stor grad nyttar samtale som tiltak i aktivitetsplanen, utan at det vert definert kva samtalen skal dreie seg om, og korleis samtalen skal avhjelpe problemet. Vi finn òg at fleire



av tiltaka er lite konkrete, og at nokre av tiltaka gjeld endring av elevars åtferd. Vi finn på bakgrunn av dette at tiltaka ikkje verkar å vere tilpassa sakene.

Tiltaka må vere basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Av dei innsendte planane er det fleire gonger uklårt korleis elevens behov er vurdert med tanke på tiltak.

Vurderingsmoment vil utover å vere elevens syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, òg vere eleven si helse og sårbarheit. Moment som kan inngå i ei vurdering av sårbarheit kan vere karaktertrekk og eigenskapar, familierelasjonar, omsorgsbehov og liknande. Det er viktig at skulen vurderer aktuelle moment når dei utformar eigna tiltak.

Ettersom skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, basert på elevens heilskaplege behov og eleven sitt beste, finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## **2.2 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak**

### **2.2.1 Rettslege krav**

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skulen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, skulen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova § 9 A-9 første ledd og forvaltningslova § 11. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

#### **Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan**

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

#### **Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka**

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

## 2.2.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Lager skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak?

### *Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule svarer ja på spørsmål om dei lager ein skriftleg plan som skildrar kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak dei har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa og når dei skal evaluere tiltaka.

Skulen har sendt inn ein oppdatert mal for aktivitetsplan per mars 2020. Her skal ein mellom anna skrive inn innmeldt problemstilling, undersøkingslogg, kva problem tiltaka skal løyse og plan over tiltak. Det er sendt inn døme på fem aktivitetsplanar. Aktivitetsplanane følgjer ein litt eldre variant av same mal.

### *Vår vurdering*

Ei føresetnad for å kunne utforme skildringar av kva problem eit tiltak er meint å løyse, er at skulen har gjennomført grundige undersøkingar som har hatt som føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevens oppleving og kva forhold i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven har det på skulen. Utan at undersøkingane har hatt dette som føremål, vil det vere vanskeleg å gje ei god skildring av kva problem tiltaket skal løyse.

Vi har sett at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. At undersøkingane ikkje er gode nok, gjenspeglast i skulens skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i aktivitetsplanen. Fleire av problemskildringane i planane er lite konkrete, og svarar ikkje på kva problem tiltaket skal løyse.

Vidare ser vi at skulens valte tiltak i nesten alle tilfelle er samtale. Det går ikkje fram kva det skal samtalast om, eller korleis samtalene skal bidra til å avhjelpe problemet. Samtaler vil i stor grad vere nyttig å gjennomføre i undersøkingsfasen, men utan ei skildring av korleis samtalen skal bidra til å avhjelpe problemet, vil det ikkje vere eit eigna tiltak i ein aktivitetsplan. Dette gjer til at skulen ikkje har utforma tiltak i tråd med krava i opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd bokstav b).

Vi ser at skulen i dei fleste aktivitetsplanane har sett dato eller uke for gjennomføring av tiltaka. Vi ser også at det er skrevet opp kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. For nokre tiltak er det sett opp at det er elever eller foreldre som i praksis er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. Til dette vil vi kommentere at skulen gjerne må oppfordre dei føresette eller elever til å gjennomføre aktivitetar, men dette kan ikkje vere tiltak i ein aktivitetsplan. Vidare ser vi at det i dei fleste planane er tatt med dato for evaluering av tiltaka.

Ettersom skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for lite konkrete, og at fleire av tiltaka ikkje er eigna, finn vi at skulen ikkje lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om den?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule skule svarer ja på spørsmål om elevane og foreldrane som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om det. Rektor skriv at elevar og foreldre som er involvert i saka alltid får ein kopi av aktivitetsplanen, dersom dei ønskjer det. Elles viser rektor til at elev/foreldre i mange tilfelle er til stades ved utarbeiding av planen og for underskrift ved oppstart av tiltak.

Alle dei innsendte aktivitetsplanane er signert av føresette. I eitt tilfelle er eleven med og signerer. Det varierer om dokumenta er signert ved oppretting av aktivitetsplanen, ved evaluering av aktivitetsplanen eller ved avslutning av aktivitetsplanen.

*Vår vurdering*

Vi kan sjå av aktivitetsplanen at den vert signert av føresette og enkelte gonger elev, og rektor skriv at heimen alltid får tilsendt ein kopi av aktivitetsplanen dersom dei ønskjer det. På bakgrunn av dette finn vi at skulen har sannsynleggjort at eleven som saka gjeld, og dei føresette, får aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om den.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule svarer ja på spørsmål om dei alltid gjennomfører tiltaka i aktivitetsplanen slik dei er beskrevet, både i innhald og tid. Rektor skriv at «Dersom det skulle vise seg at dei skildra tiltaka ikkje er tilstrekkelege eller effektive, vil det vurderast andre tiltak som vert sett inn. Endringane vil kommuniserast til elev og foreldre.»

På spørsmål om dei dokumenterer at skulen gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen svarar både rektor og lærarane ved skulen bekreftande. Rektor skriv at «I tilfelle der det er praktisk tilrettelegging av planar, vert dette synleggjort i sjølve planane. (...) Observasjonar som er innført som del av tiltak vert dokumenterte og lagt i mappe med aktivitetsplan.»

*Vår vurdering*

Rektor må følgje opp at skulen gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er skildra, både i innhald og tid. Det er rom for at de gjer små praktiske endringar i gjennomføringa av tiltaka, dersom skulen gjer dette i samråd med eleven og dei føresette. Skulen må òg dokumentere at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Vi har tidlegare vist til at rektor har eit dokument som gjev oversyn over alle elevar som har aktivitetsplan inneverande skuleår. Vidare har malen for aktivitetsplan evaluering som fast punkt i planen.

I dei innsendte aktivitetsplanane ser vi døme på at rektor er med på møte med foreldra undervegs i prosessen. Vi ser vidare døme på at det kjem fram informasjon om avslutting av aktivitetsplanar for to elevar i klassesamhandlingsmøte. Rektor er til stades på møtet.

Ettersom rektor følgjer opp iverksetjinga av tiltaka gjennom å vere direkte involvert undervegs, eller gjennom konkrete møtepunkt finn vi at regelverket er oppfylt på dette punktet.

Rektor skriv vidare at skulen dokumenterer observasjonar som er innført som del av tiltak. Desse blir dokumentert og lagt i mappe med aktivitetsplan. I dei tilfella der det vert nytta IVAS som verktøy, vil skjemaet liggje som vedlegg til aktivitetsplan, skriv inspektør. Ei lærargruppe skriv at dei dokumenterer at dei «gjennomfører tiltak gjennom referat/logg i høve tiltaka.» Elles viser rektor til at dei har ei plikt til å dokumentere kva som vert gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Endringar som gjeld til dømes inspeksjons- og timeplanar blir synleggjort i sjølve planen.

Vi kan ikkje sjå at observasjon eller IVAS er sett inn som tiltak i dei innsendte aktivitetsplanane. Slik Fylkesmannen ser det, vil slike tiltak i realiteten vere undersøkingar, og vil ikkje vere dokumentasjon på at tiltak er gjennomført.

Vi ser at skulen i ein av aktivitetsplanane har skrevet ein logg, der det går fram at elevane har halde seg til fokuspunkta som er sett opp i aktivitetsplanen. Dette vil vere ein logg på at tiltaka har vore gjennomført. Likevel gjeld dette tiltak der elevane sjølv er ansvarleg for å endre si åtferd, og som vi har peika på tidlegare vil ikkje dette kunne vere tiltak i ein aktivitetsplan. Vidare er det også sett «ok» bak enkelte tiltak, slik at det vert synleg at tiltaka er gjennomført. Likevel er det vanskeleg å sjå av dette kva skulen faktisk har gjort i kvar sak.

Vi kan ikkje sjå at det her er dokumentert at dei har gjennomført tiltaka i tråd med aktivitetsplanen. Skulen skal dokumentere kva dei faktisk har gjort i kvar sak. Ettersom dette ikkje går fram av skulens innsendte dokumentasjon, er ikkje krava i regelverket oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønsker?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva endringar eleven ønskjer, svarar både lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule og rektor ja. Rektor skriv at «I evalueringa av gjennomførte tiltak vert eleven spurt om korleis han eller ho opplev at tiltaka har virka. I tilfelle der eleven/foreldra ikkje opplev tiltaka som tilstrekkelege, vil det vurderast andre tiltak i samråd med eleven/foreldra.» Det går fram av skulens aktivitetsplanmal at det skal kallast inn til eit evalueringsmøte til avtalt tid.

På spørsmål om dei alltid innhentar nødvendig informasjon om korleis tiltaka har virka, svarar både lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule og rektor ja. Rektor skriv at «Skulen har rutinar for observasjon av situasjonar kring tiltak og samtalar med involverte partar i tiltaka som er sett inn. Samtalar med elev/foreldre, andre elevar og lærarar er viktige for å få mest mogleg informasjon.»

### *Vår vurdering*

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ynskjer. Rektor må følgje opp at de alltid spør eleven om dette. Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalen og sørge for at han er tilpassa elevens mognadsnivå.

Vi finn det sannsynleggjort at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei involverer eleven i evalueringa av tiltaka, ettersom det går fram av dei fleste planane at eleven skal vere med ved evalueringa av tiltaka. I den innleverte dokumentasjonen går det likevel ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for kva informasjon skulen gir elevane for at dei vil uttale seg, og om korleis høyringa av elevane vert gjennomført. Likevel ser vi mellom anna at rektor skriv i eigenvurderinga at i samband med høyring av eleven i undersøkingsfasen tilpassar dei samtalen elevens modningsnivå og at eleven kan ha med seg foreldre eller andre som støtte. Det er òg slik at i samband med elevsamtalen som gjeld skulemiljø, prøver skulen så langt som råd å ha to tilsette til stades, for å skape trygge rammer. På bakgrunn av dette legg vi til grunn at skulen også i samtale med eleven i evalueringsfasen vil tilpasse samtalen. Det går også fram av planane at føresette er med i evalueringa. Dette bidrar til å skape trygge rammar for eleven.

Det er òg slik at den nye malen for aktivitetsplanen legg opp til at eleven skal signere både på at planen er oppretta og ved avslutting, i lag med føresette og tilsette på skulen.

Vi finn etter dette at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ønskjer.

Skulens framgangsmåte må vidare sikre at de innhentar nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentar informasjon i tråd med framgangsmåten. De må og vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane.

Det går fram av skulens mal for aktivitetsplan og dei innsendte aktivitetsplanane at evaluering av tiltaka i lag med elevar og foreldre er eit fast punkt. Eleven si stemme vil vere nødvendig informasjon å hente inn i forbindelse med evaluering av tiltaka. Det er òg dokumentert at skulen jamleg snakkar om gjennomføring av avslutting av aktivitetsplanar i klassesamhandlingsmøte.

Vi finn at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det blir henta inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka og at framgangsmåten inkluderer elevens syn på korleis tiltaka har virka og kva endringar eleven ønskjer.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sørger rektor for at skolen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og elevens syn?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid tilpassar tiltaka, svarar både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule ja. Rektor skriv at «I evalueringa av tiltaka vil skulen og eleven/foreldra saman vurdere korleis tiltaka har fungert. Der det viser seg at tiltaka ikkje har tilstrekkeleg effekt, vil tiltaka endrast eller det vert satt inn nye tiltak».

I eigenvurderinga har rektor lagt ved ein aktivitetsplan som skal vise at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis dei har verka og elevens syn.

*Vår vurdering*

Rektor må syte for at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn.

Det vi les ut av det innsendte døme på aktivitetsplan og tilpassing av tiltak, er at lærar skal undersøke om det er naudsyn å iverksette ny aktivitetsplan.

Skulen skal vurdere informasjonen dei har innhenta om korleis tiltaka har verka, og med bakgrunn i vurderinga må skulen tilpasse tiltaka. Av dømet kan vi sjå at skulen planlegg å foreta ei slik undersøking og vurdering. Vi kan likevel ikkje sjå at skulen har innhenta informasjonen, eller vurdert om det vart nødvendig å tilpasse tiltaka i saka. Ettersom skulen i dømet ikkje vurderer informasjonen om korleis tiltaka har verka, og at dei heller ikkje vurderer om det er nødvendig å tilpasse tiltaka på bakgrunn av vurderinga, finn vi at dei ikkje har sannsynleggjort at dei alltid tilpassar tiltaka. Av dei andre sakene skulen har sendt inn kan vi heller ikkje sjå at skulen har tilpassa tiltaka etter evaluering.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Informerer skulen elever og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Eikefjord barne- og ungdomsskule svarar ja på spørsmål om dei informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen, om dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Rektor skriv at «Rektor informerer om dette på dei forskjellige foreldremøta som skulen sett opp. I tillegg vert dette opplyst om i samtale med elev/foreldre ved oppretting av aktivitetsplan».

I tillegg opplyser lærargruppene at dei skriv referat frå foreldremøta eller sender ut PowerPoint-presentasjon dei har brukt på møtet, for å sikre at informasjonen er tilgjengeleg for foreldre som ikkje var til stades på møta. Foreldra blir òg informert gjennom møte i samarbeidsutvalet og

skulemiljøutvalet. Elevane blir informert i oppstartinga av skuleåret etter sommaren. Rektor informerer då alle elevane om regelverk, kvifor ein har eit regelverk og retten dei har til å klage til fylkesmannen, skriv lærarane.

#### *Vår vurdering*

Skulen må informere elever og foreldre at dei kan melde saka si til Fylkesmannen. Ettersom rektor og lærarane informerer både elevane og foreldra om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen på ulike måtar i løpet av skuleåret finn vi har skulen oppfyller aktivitetsplikta på området.

Krava i regelverket er oppfylt.



### 3 Våre reaksjonar

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

#### **Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

#### **Plikta til å undersøke og setje inn tiltak eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø**

1. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å undersøke og sette inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- a) Rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
  - b) Rektor sikrar at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
  - c) Rektor sikrar at skulen sette inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til et trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
2. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i den forbindelse sjå til at skulen:

Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- a) Skulen lager ein skrifteleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak.
- b) Rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- c) Rektor syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og eleven sitt syn.

### **3.1 Oppfølging av pålegga**

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. september 2020. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## **4 De har rett til å klage**

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 29. mai 2020

Lill Mona Solberg  
tilsynsleiar

Oda Eikeland Myrnes  
rådgjevar

# Vedlegg

## Dokumentasjon

- **Eigenvurdering i RefLex frå rektor og inspektør**

Tema: Skulemiljø - Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø (for skuleleiing).

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø: spørsmål 1.19, 1.20, 1.21,1.22,1.23,1.24,1.25, 1.26, 1.28.

Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar: spørsmål 3.1, 3.2, 3.3, 3,4, 3,5 3,6, 3,7, 3,8, 3.9.

- **Eigenvurdering i RefLex frå lærarar på mellomsteget og ungdomsteget**

Skulemiljø Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø (for lærarar).

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø: spørsmål 1.19, 1.20, 1.21,1.22,1.23,1.24,1.25, 1.26, 1.28.

Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar: spørsmål 3.1, 3.2, 3.3, 3,4, 3,5 3,6, 3,7, 3,8, 3.9.

- Fem aktivitetsplanar med vedlegg.
- Referat frå lagmøte 6. mars 2019 – om aktivitetsplikta.
- Referat klassesamhandlingsmøte 13. august 2019.
- Referat klassesamhandlingsmøte 28. oktober 2019.
- Referat klassesamhandlingsmøte 9. januar 2020.
- Referat personalmøte 28. februar 2019.
- Lagmøte møteplan: – om psykososial plan (veke 19) og Kapittel 9 A (veke 24).
- Informasjon til elevane første skuledag 2019-2020.
- «Vi gjer kvarandre gode» - psykososial plan for Eikefjord barne- og ungdomsskule 2019-2020.
- Mal -aktivitetsplan.
- PP- Skulemiljø kapittel 9 A – kva har det å seie for oss?
- Registreringsskjema, aktivitetsplikta 9 A-4 skuleåret 2019-2020.
- Skjema – skulemiljø elevsamtale.
- Anna innsendt dokumentasjon i RefLex.

**Etter førebels tilsynsrapport mottok vi**

- Kommentarer til førebels tilsynsrapport, datert 15. mai 2020
- Supplerende dokumentasjon til fem aktivitetsplanar